

Helseforetaksmodellen må avviklast!

Foretaksmodellen er ikkje ei god organisering av sjukehusa.

SV har gått i mot denne modellen som AP, Frp og Høyre vedtok i 2001. SV vil avvikle helseforetaksmodellen.

Sjukehusa skal styrast demokratisk, av politikarar, ikkje av fagbyråkratiske styre.

Sjukehusa våre har dyktige og hardt arbeidande tilsette, mange av dei får kun deltidsstillingar. Mange av desse vil jobbe meir og samfunnet har trong for denne arbeidskrafta.

SV vil få slutt på deltidskulturen i helsesektoren og innføre rett til full stillingsprosent.

Det vil bli store utfordringar med å sikre nok tilsette i helse- og omsorgssektoren framover. Vi vil trenge fleire helsefagarbeidarar, fleire sjukepleiarar, lækjarar og fleire tilsette i støttefunksjonar.

I coronatida har det vore merksemd omkring mangel på helsepersonell med kunnskap og kvalifikasjonar om korleis handtere ein pandemi, i tillegg til behandling av pasientar med andre sjukdommar. Dette kan vanskeleg lukkast innan dagens modell.

SV vil styrke økonomien til sjukehusa.

Satsinga skal vere på god behandling av pasientane, framfor eit stadig aukande byråkrati.

Då Staten tok over sjukehusdrifta, var tanken at Helse- Norge skulle drivast etter bedriftsøkonomiske prinsipp. Pasienten er blitt "kunde", og helseforetaka etter modell av private verksemdar/aksjeselskap.

Kvar enkel «pasient/ kunde» har fått ein prislapp.

Helseforetaka er ikkje gode til å ta vare på dyktig personale.

Sjukehusa må bli styrde av folk som kjenner til kva faglege kvalifikasjonar som trengs i alle funksjonar i sjukehusa.

SV Stord vil at Vestland SV skal arbeide for å sikre eit sterk offentleg helsevesen, likt høve til helsebehandling for alle og låge eigenandelar, og såleis kjempe mot sosiale helseskilnader.

Dette krev sterkare politisk styring av sjukehusa, arbeid mot kommersialisering av helsesektoren og fleire heile og faste stillingar.